

Alkoholpolitisk
handlingsplan 2024-2028

Øystre Slidre
kommune

Retningsliner for sals- og
skjenkeløyver



Innhald

Bakgrunn	2
Alkoholbruk i Norge	2
Alkoholbruk i Øystre Slidre kommune	2
Ungdata.....	2
Føremål	4
Omsyn som ligg til grunn for løyvepolitikken i Øystre Slidre kommune.....	5
Styringsverktøy	5
Styrande prinsipp i Øystre Slidre kommune:	6
Kontroll med løyvehavar.....	6
Grupper alkoholhaldig drikk	6
Sal og skjenking - definisjon	7
Tildeling av sals- og skjenkeløyve.....	7
Sals- og skjenkeløyve i kommunen	7
Retningsliner for sals- og skjenkeløyve.....	7
Skjenkeløyve	8
Punktavhald	8
Skjenkeløyve blir gitt etter arten av serveringsstad	8
Utviding av eksisterande fast skjenkeløyve for enkelthøve – skjenkeområde og skjenketid.....	9
Verksemder unnateke frå å få skjenkeløyve.....	9
Skjenketider fastsett for serveringsstader etter art	9
Salsløyve.....	10
Salstider for alkohol gr. 1	10
Nettsal av alkohol gr.1	10
Informasjon til eigarar av forsamlingslokale.....	10

Bakgrunn

Det følgjer av alkohollova sin § 1-7 d at kommunen er pålagd å utarbeide ein alkoholpolitisk handlingsplan. Handlingsplanen skal vis ei samla oversikt over utfordringane bruk av rusmidler skapar og vere grunnlaget for førebyggjande og skadeavrensande tiltak. Ein alkoholpolitisk handlingsplan vil gjere det meir føreseieleg for sals- og skjenkenæringa, gje grunnlag for meir likebehandling, betre kontroll og betre bruk av regelverket.

Alkoholbruk i Norge


Frå 1990 har omsetninga av alkohol auka kraftig. Dei viktigaste drivarane er at studentar, kvinner og eldre no drikk meir alkohol enn tidlegare. Eldre drikk oftare enn yngre, men har eit mindre risikofylt drikkemønster. Menn drikk meir, oftare og meir risikofylt enn kvinner. Ungdom og unge vaksne gutter og jenter drikk like ofte, men gutane drikk gjerne meir enn jentene.

Alkoholbruk er ein av dei viktigaste faktorane for tap av friske leveår og er i tillegg årsak til sosiale problem og skadar for andre enn brukaren sjølv. Forsking viser at høge prisar på alkohol og redusert tilgang på alkohol er dei mest effektive tiltaka for å dempe alkoholforbruket. Pris og tilgjengeleghet er viktige verkemiddel for å avgrense alkoholforbruket, dette inkluderer m.a. aldersgrenser, alkoholavgifter, avgrensing av salstider og krav om løyver for alkoholsal.

I Noreg er det nasjonale målet å avgrense alkoholforbruket i befolkninga og auke kunnskapen om samanhengen mellom alkohol og helse. Verdens Helseorganisasjon (WHO) har som mål å redusere skadeleg alkoholbruk med 20% innan 2030, målt frå nivået i 2010.

Alkoholbruk i Øystre Slidre kommune

Våren 2023 vart det gjennomført ei folkehelseundersøking i Innlandet. Resultat av undersøkinga viser at 92% av dei over 18 år i Øystre Slidre svarar at dei har smakt alkohol. Frekvensen av konsumet på årsbasis er ganske likt med resultatet for Innlandet generelt.



Kjelde: <https://www.innlandsstatistikk.no/helse-og-livskvalitet/folkehelseundersokelsen-2023/>


Ungdata

Ungdata er eit spørjeverktøy som gir eit breitt bilet av korleis ungdom har det og kva dei driv med i fritida. Undersøkinga blir gjennomført på skular over heile landet og omfattar tema som er knytte til familie, vennskap, skule, lokalmiljø, helse, rusmiddel, mobbing, regelbrot og deltaking i fritidsaktivitetar. Siste ungdataundersøking for kommunen er frå 2021 der elevar frå 8.-10.trinn deltok.


Ungdomstida er eit tid då mange har sine første erfaringar med ulike rusmiddel, alkohol er det vanlegaste rusmiddelet blant ungdom. Det er ei kjend utfordring at ungdom i Øystre Slidre debuterer tidleg med alkoholbruk.

8.-10.klassingar svara slik på Ungdataundersøkinga i 2021:


Hender det at du drikk noka form for alkohol?
Prosent i Øystre Slidre kommune og nasjonalt




Kor mange gonger i løpet av det siste året har du vore rusa på alkohol? Øystre Slidre kommune og nasjonalt




Får du lov av dine foreldre/føresette til å drikke alkohol? Øystre Slidre kommune og nasjonalt



Prosentdel som har vore rusa på alkohol i løpet av det siste året. Blant elevar på ulike klasstrinn




Prosentdel som får lov av foreldra/dei føresette til å drikke alkohol. Blant elevar på ulike klasstrinn



Tidstrend i Øystre Slidre kommune.

Prosentdel av elevane på ungdomstrinnet som har vore rusa på alkohol i løpet av det siste året



Kjelde: ungdataundersøkinga for Øystre Slidre kommune 2021.

Føremål

I kommunen sin samfunnsplan heiter det at Øystre Slidre skal vera ein attraktiv kommune som legg vekt på livskvalitet, inkludering, samhandling og trivsel i utvikling av eit trygt og berekraftig lokalsamfunn. Øystre Slidre skal vere en god og trygg stad å leve og arbeide i. Det skal leggast til rette for at barn og unge vaksne skal trivast, utvikle seg og oppleve meistring. Me skal ha eit inkluderande samfunn som har bu-, arbeids-, og aktivitetstilbod for alle som har sitt opphold her. Dette skal vere uavhengig av alder, funksjon og etnisitet.

Vi skal sikre etablerte arbeidsplassar og leggje til rett for nye, vi skal møte næringsdrivande og gründarar med ei positiv innstilling.

Øystre Slidre har mange deltidsinnbyggjarar. Kommunen skal vera ein attraktiv hyttekommune, der deltidsinnbyggaren trivs og får ei kjensle av å høyre til, slik at dei nyttar hytta mest mogleg eller vel å flytte til kommunen.

Kommunen har i samfunnsplanen, og i eit av dei 10 høgst prioriterte måla i økonomiplanen sagt at «vi skal vere det best tilrettelagde reisemålet i Norge for alle, uavhengig av funksjonsnivå».

Omsyn som ligg til grunn for løyvepolitikken i Øystre Slidre kommune

- **Alkohollovens formål, § 1:**

«Regulering av innførsel og omsetning av alkoholholdig drikk etter denne lov har som mål å begrense i størst mulig utstrekning de samfunnsmessige og individuelle skader som alkoholbruk kan innebære. Som ledd i dette sikter loven på å begrense forbruket av alkoholholdige drikkevarer.»

- **Forbrukaromsyn**

Alkohol er ei legal vare som forbrukarane i rimeleg grad skal kunne ha tilgang til.

- **Næringsomsyn**

For eit lokalsamfunn som i stor grad er basert på turisme, er det vesentleg at næringa har driftsvilkår som gjer at ho står fram som attraktiv for dei aktuelle målgruppene. Alkoholservering er for dei fleste næringsdrivande eit naturleg element i dette produktet.

- **Bedriftsomsyn**

For den einskilde bedrift bør kommunen sin løyvepolitikk vere så føreseieleg som mogleg.

- **Lokalmiljø**

Karakteren av og talet på skjenkestader påverkar og lokalmiljøet omkring.

- **Folkehelse og ungdom**

Folkehelsearbeid er kommunen sin samla innsats for å fremje og betre innbyggjarane si helse. Alkoholpolitikken er en del av det nasjonale og det lokale folkehelsearbeidet. Kommunen skal fremme alkoholfrie arenaer i samspele med frivilligheita, idrett, skule og arbeidslivet.

Det kan vere meir eller mindre klåre motsetnader mellom desse omsyna. Den faktiske løyvepolitikken må difor bli eit resultat av ei avveging mellom fleire omsyn.

Styringsverktøy

Dei reguleringar som kommunane rår over etter alkohollova gjeld i hovudsak:

- Om det skal gjevast løyve/til sal/skjenking eller ikkje
- Kva for slags type løyve vi ønskjer å ha i kommunen
- Om det skal settast «tak» på tal sals- og skjenkeløyve ein skal ha i kommunen
- Kven som skal få skjenkeløyve
- Kva type alkoholhaldig drikk løyva skal gjelde for
- Kva tid som skal gjelde for sal og skjenking av alkoholhaldige drikkevarer

Styrande prinsipp i Øystre Slidre kommune:

1. Hovudmålet er å redusere det generelle alkoholkonsum, og å redusere talet på drikkesituasjoner og alkoholkonsumet pr. situasjon. Alkohollova gir kommunen ansvar for å tildele, føre kontroll med og eventuelt inndra sals- og skjenkeløyve. Alle løyva skal utøvast etter alkohollova sine regler. Brot av lova, eller forskrift gitt i medhald av den, kan føre til tilbaketreking av løyvet.
2. Løyvepolitikken skal hindre at alkoholbruk vert introdusert som eit naturleg element på område og i situasjoner der det ikkje er vanleg og合法.
3. Kommunen skal ha ein løyepraksis som ikkje gjev uheldige konkurransemessige verknader for turistnæringa samanlikna med andre område i landet.
4. Kommunen vil legge vekt på at kommunen i særleg grad står fram som attraktivt for familiar.
5. Kommunen vil i utgangspunktet gradere omfanget av eit skjenkeløyve etter den arten verksemda har.
6. Sals- og skjenkestadar i kommunen skal ha ei trygg og seriøs drift.
7. Det vil bli utarbeidd ei sjekkpunktliste over kriterier for god tilgjengelegheit, serverings- og skjenkestadar i kommunen skal kunne dokumentere at det er utført ei tilgjengelegheitsvurdering for lokala dei har verksemd i.

Kontroll med løyvehavar

Kontroll med bruk av kommunale løyve til sal og skjenking av alkoholhaldig drikk ligg til kommunen.

Kommunen nyttar eksterne kontrollørar til å føre kontroll med løyvehavarar og utsalsstadar for tobakksvarer. Det er praksis at valdreskommunane har felles kontrollselskap, avtale med kontrollselskap blir gjort etter felles anbodsprosess for kommunane.

Kontroll av bransjen skal opplevast som relevant og rettferdig for å sikre tillit. Alle løyvehavarar har moglegheit til å ta kontakt med kontrollselskapet for råd og veiledning innan fagfeltet.

Kommunen samarbeider med m.a. med kontrollselskap, politi, skatteetaten, Arbeidstilsynet og Mattilsynet for å sikre at reglar blir følgt og sikre like rammevilkår og ei seriøs næring.

Brot på alkohollova, alkoholforskrifta eller vilkår for løyvet vil medføre prikktildeling jf. alkoholforskrifta sitt kapittel 10.

Grupper alkoholhaldig drikk

Alkoholfri drikk: drikk som inneholder under 0,7 volumprosent alkohol

Alkoholsvak drikk: drikk som inneholder frå og med 0,7 til og med 2,5 volumprosent alkohol

Alkoholhaldig drikk gr.1: drikk som inneholder over 2,5 og høyst 4,7 volumprosent alkohol

Alkoholhaldig drikk gr.2: drikk som inneholder over 4,7 og mindre enn 22 volumprosent alkohol

Alkoholhaldig drikk gr.3: drikk som inneholder frå og med 22 til og med 60 volumprosent alkohol

Sal og skjenking - definisjon

Med sal forstår vi utlevering av alkoholhaldig drikk til forbrukar mot vederlag, for drikking utanfor salsstaden.

Med skjenking forstår vi utlevering av alkoholhaldig drikk til forbruker mot vederlag, for drikking på salsstaden.

Tildeling av sals- og skjenkeløyve

Kommunen kan tildele slike sals- og skjenkeløyver:

- Faste sals- og skjenkeløyve
- Løyve for ein bestemt del av året
- Løyve for enkelthøve, for opne og lukka arrangement. Lukka betyr at arrangementet kun er for ei bestemt gruppe personar.
- Ambulerande løyve for slutta lag

Med slutta lag må det før skjenking tek til bli danna ein slutta krins av bestemte personar som er samla for eit bestemt høve i et bestemt lokale. Personkrinsen skal ikkje vere open for utanforståande. Deltakarar skal ha ein tilknytning til den eller dei som inviterer, det er ikkje tilstrekkeleg at ein skriv seg på ei liste eller kjøper billetter.

Sals- og skjenkeløyve i kommunen

Talet på salsløyver for alkohol gr. 1 samsvarar med talet på daglegvarebutikkar i kommunen. Per mai 2024 har vi 5 daglegvarebutikkar som alle har salsløyve for alkohol gr. 1.

Vinmonopolet AS har salsløyve for alkohol gr. 1, 2 og 3 for utsal på Beitostølen.

Talet på skjenkeløyve varierer noko, per mai 2024 har vi 20 faste skjenkeløyve i kommunen. Dei faste løyvene er knytt til hotell, kafe- og serveringsverksemder. Det blir årleg gjeve løyver til enkelthøve og ambulerande løyver etter søknad.

Retningsliner for sals- og skjenkeløyve

1. Dei einskilde søknader om sals- og skjenkeløyve vert behandla i samsvar med alkohollova og alkoholforskrifta, og dei alkoholpolitiske prinsippa i desse retningslinene.
2. Kommunen sitt skjønn ved behandling av søknadar om løyve for sal eller skjenking av alkohol. Ved handsaming av ein søknad skal det gjerast ei konkret vurdering der det vert lagt vekt på skjenkestaden sin lokalisering, storlek, art og målgruppe. Negative røynsler med tidlegare driftsform, trafikkale og ordensmessige tilhøve og omsyn til lokalmiljøet skal det leggast vekt på. Det skal takast omsyn til eventuelle tidlegare brot på vilkår knytt til løyve eller til uehdige ordenstilhøve på staden. Ved tildeling og fornying av løyvet vert det lagt vekt på at søkeren kan reknast for eigna til å ha eit løyve. Det skal òg leggast vekt på om personar med vesentleg innverknad på verksemda er egna til å ha løyve for sal/skjenking av alkohol.
3. For faste løyve er løyveperioden normalt sett til 4 år, med slutt seinast 30.september etter at nytt kommunestyre tiltar. Løyva som går ut 30.09.2024 blir etter enkel søknad fornya for perioden fram

til 30.09.2028. Kommunen skal vurdere vandelen i samband med fornying av løyve. Det skal hentast inn uttale frå politi og skattemyndighet.

4. Sals- og skjenkeløyve kan bli nekta på grunn av negativ uttale frå politiet om søkeren sin vandel når tilhøvet er knytt til alkohollova eller annan lovgjeving som har samanheng med føremålet i alkohollova, eller frå skatte- og avgiftsmyndighetene om vandel i høve til denne lovgjevinga.
5. a) Kommunedirektøren kan gi dispensasjon frå alkoholpolitiske retningsliner for store arrangement og festivalar.
b) Kommunedirektøren kan gi retningsliner for det enkelte arrangement.
c) Kommunedirektøren kan gje løyve til kommunen for alkoholservering av gruppe 1 og 2 i Gapahuken ved kulturarrangement retta mot eit publikum over 18 år. Slike arrangement kan ikkje gå føre seg samtidig med arrangement for personar under 18 år. Kommunedirektøren skal summere opp erfaringane frå desse arrangementa i ein årleg rapport til kommunestyret.
6. Det kan gis skjenkeløyve for enkelthøve til konseptbutikkar (t.d. klesbutikk, sportsbutikk, frisør) i samband med lukka lag der butikken ikkje er ope for allmenta.

Skjenkeløyve

Punktavhald

Punktavhald vert gjennomført på følgjande stader og i følgjande situasjonar:

- Det vert ikkje gjeve skjenkeløyve ved arrangement eller aktivitet som i stor grad er retta mot barn og unge.
- Det vert ikkje gjeve skjenkeløyve for heile publikumsområde ved idrettsarrangement. Det er likevel høve til å gje skjenkeløyve på turiststader i kommunen på eit avgrensa område når dette er eit driftsvilkår for turiststader det er naturleg å samanlikne oss med. Døme på dette er Beitospalten, Fjellmaraton m.v.

Skjenkeløyve blir gitt etter arten av serveringsstad

a) Restaurantar

Løyve kan omfatte alkohol i gr.3 (i tillegg til alkohol i gr.1 og 2).

b) Frittståande barar i overnattingsbedrifter og restaurantar med dans

Løyve kan omfatte alkohol i gr. 3 (i tillegg til alkohol i gr.1 og 2).

c) Diskotek

Løyve kan gjevast for alkohol i gr. 3 (i tillegg til alkohol i gr.1og 2).

d) Pubar

Løyve kan gjevast for alkohol i gr. 3 (i tillegg til alkohol i gr.1og 2)

e) Utandørs serveringsareal

Det vert føresett ei på førehand definert og klår avgrensing av arealet og at dette ikkje er i nærleiken av mykje trafikkerte område. Serveringsarealet er del av ein ordinær serveringsstad med skjenkeløyve. Løyve kan gjevast for alkohol i gr. 3 (i tillegg til alkohol i gr. 1 og 2).

f) Selskapslokale (lokale tilrettelagde for selskap)

Det kan gjevast ambulerande løyve til slutta lag og løyve for einskildhøve. Løyve kan gjevast for alkohol gr.3 (i tillegg til alkohol i gr. 1 og 2).

g) Kafé/Kafeteria

Løyve kan gjevast for alkohol i gr.3 (i tillegg til alkohol i gr. 1 og 2).

h) Campingplass

Løyve kan gjevast for alkohol i gr.3 (i tillegg til alkohol i gr.1 og 2).

i) Festivalar

Løyve kan gjevast for alkohol gr. 1 og 2. Det er eit vilkår at det er god alderskontroll for arrangementet.

Pengespel

Det skal ikkje gå føre seg pengespel i lokala der det blir servert alkoholhaldig drikk.

Utviding av eksisterande fast skjenkeløyve for enkelthøve – skjenkeområde og skjenketid

Det kan etter søknad bli gitt utvida skjenkeløyve for enkelthøve til arrangement ved ein skjenkestad som allereie har eit allment skjenkeløyve. Løyvet kan bli gitt for arrangement i tilleggslokale, eller utandørs, i umiddelbar nærleik til skjenkestaden.

Det kan etter søknad bli gitt løyve til å utvide skjenketida for eit allment skjenkeløyve ved enkeltarrangement for lukka lag ved serveringsstaden.

Verksemder unntake frå å få skjenkeløyve

Det blir ikkje gjeve skjenkeløyve til kioskar, bensinstasjonar ref. alkoholforskrifta sin § 3-4. Med bensinstasjon forstår vi utsalsstad som i det vesentlege sel bensin, olje og andre varer som er naudsynt for drift eller vedlikehald av motorkøyretøy og motorbåtar.

Det blir heller ikkje gjeve skjenkeløyve til gatekjøkken, frisørsalongar, i tilknyting til kjøpesenter eller arenaer som ikkje har ein naturleg samanheng med bruk av alkohol.

Skjenketider fastsett for serveringsstader etter art

- a) Restaurantar – skjenking skal avsluttast seinast kl.02.00
- b) Frittståande barar – skjenking skal avsluttast seinast kl.02.00
- c) Diskotek og restaurantar med dans – skjenking skal avsluttast seinast kl.02.00
- d) Pubar – skjenking skal avsluttast seinast kl.02.00
- e) Utandørs serveringsområde – skjenking skal avsluttast seinast kl.02.00. Det er eit vilkår at musikk ikkje blir spela etter kl.23.00. Uteservering skal gå føre seg utan nemneverdig sjenanse for forbipasserande og bebuarar i nærleiken av serveringsstaden. Utandørs serveringsområde skal vere tydeleg avgrensa og gjerda inn.
- f) Selskapslokale – skjenking skal avsluttast seinast kl.03.00 for lukka lag (privat arrangement)
- g) Kafé/kafeteria – skjenking skal avsluttast seinast kl.02.00.
- h) Campingplass – skjenking skal avsluttast seinast kl.02.00
- i) Festivalar – skjenking skal avsluttast seinast kl.02.00

Lukketidspunkt for serveringsstadane vert som hovudregel sett til 30 minuttar etter utløp av skjenketida, dette følgjer av alkohollova sin § 4-4, 6.ledd.

Salsløyve

Kommunen gir salsløyve for

- Alkoholhaldig drikk gr. 1.
- Alkoholhaldig drikk gr. 1, 2 og 3 til Vinmonopolet AS.

Salstider for alkohol gr. 1

Alkohol gr.1 kan seljast i tida frå kl.08.00 til kl.20.00 på kvardagar og fram til kl.18.00 på dagar før søn- og heilagdagar, unntake dagen før Kristi Himmelfartsdag.

Sal av alkohol gr. 1 skal ikkje skje på søn-, heilagdagar, 1. og 17. mai.

Føresegene om salstider for alkohol gr. 1 samsvarar med maksimale salstider i alkoholloven § 3-7.

Nettsal av alkohol gr.1

Det vert ikkje gjeve løyve til nettsal av alkohol gr. 1.

Informasjon til eigarar av forsamlingslokale

Kommunen skal informere alle eigarar av forsamlingslokale om lovkrav til ambulerande løyve og løyve for einskildhøve ved eventuell alkoholservering i lokalat.

Sist godkjent av kommunestyret 13.06.2024.

